

Statnett SF
Pia Roll
PB 4904 Nydalen
0423 OSLO

Deres ref.	Deres dato	Vår ref.	Dato
2023/3883-3	30.11.2023	318088-v1	29.02.2024

Uttale til høyring - Retningslinjer for utøving av systemansvaret

Fagne meiner at utkastet til NVF 2024 stiller for strenge og kostbare minstekrav til 132 kV anlegg.

Fagne eig og drifrar store delar av regionalnettet og distribusjonsnettet i Sunnhordland og Nord-Rogaland og har ansvar for regional kraftsystemutgreiing i Sunnhordland og Nord-Rogaland. I utgangspunktet er regionalnettet eit reint 66 kV nett med litt ulike driftspenningar i ulike delar av nettet.

I den regionale kraftsystemutgreiinga har vi prøvd å sett for oss å bygga om frå 66 kV til 132 kV. Vi har alt begynt å bygga anlegg med høgare isolasjonsnivå for å førebu oss på ombygging til 132 kV, og vi antar at vi skal heva spenninga til 132 kV i ein liten del av regionalnettet vårt i løpet av 2027. Vi innser at det vil vera ei stor utfordring å bygga om heile regionalnettet frå 66 kV til 132 kV, og vi ser for oss at vi i ein forholdsvis lang periode frå slutten av 2027 til ca. 2050 kjem til å ha ei blanding av 132 kV nett og 66 kV nett, i ein del tilfelle med eit felles koplingsanlegg med nokre brytarfeilt i eine enden på 132 kV og nokre brytarfelt i andre enden på 66 kV.

Ein del komponentar er dyrare på 132 kV enn på 66 kV. Det fører til utfordringar med å forsvare både samfunnsøkonomisk og bedriftsøkonomisk å bygga om til 132 kV. Dersom NVF 2024 i tillegg skal krevja vesentleg dyrare systemløyseringar i koplingsanlegg for 132 kV enn i tilsvarande koplingsanlegg for 66 kV, vil det føra til at utfordringane med å forsvare samfunnsøkonomisk og bedriftsøkonomisk å bygga om frå 66 kV til 132 kV blir ennå større. I mange tilfelle skal funksjonen til koplingsanlegg i regionalnettet vera tilsvarande, og behovet for redundans er tilsvarande, uansett om systemspenninga er 66 kV eller 132 kV. Slik vi oppfattar det, er det i høyringsutkastet til NVF 2024 lagt inn vesentleg strengare og dyrare krav til koplingsanlegg dersom spenninga er høgare enn 110 kV enn dersom spenninga er lågare enn 110 kV, i nokre tilfelle krav som er dobbelt så dyre for 132 kV anlegg som for 66 kV anlegg med tilsvarande funksjon systemmessig. Dette kjem i tillegg til at komponentane er dyrare i 132 kV anlegg enn i 66 kV anlegg.

Vi fryktar at dersom det blir vedtatt, vil det føra til at både Fagne og fleire andre nettselskap med regionalnett må gje opp å bygga om regionalnettet til 132 kV grunna strengare og dyrare krav i NVF

2024 for 132 kV anlegg enn for 66 kV anlegg, sjølv om vi kunne ha forsvart ombygging til 132 kV dersom krava til utforming av koplingsanlegga hadde vore like for 132 kV anlegg som for 66 kV anlegg. For å unngå dette har vi følgjande forslag til endringar:

- I kapittel 5.1.2.1 foreslår vi å stryka setningen med grøn skrift: «I nye koblingsanlegg skal alle avganger ha lik feltkonfigurasjon». Vi skjønar at det er meir oversiktleg dersom alle avganger har lik feltkonfigurasjon, og at det derfor ofte er fornuftig, men ulike avganger kan ha svært ulik funksjon, slik at nokre er vesentleg viktigare enn andre. Sjølv om det er gode grunnar for fullverdige tobrytarsystem i to av brytarfelt, vil det fordyra koplingsanlegget svært mykje dersom det er krav om fullverdig tobrytarsystem også i dei andre brytarfelt som systemmessig har ein mindre viktig funksjon. Fullverdige tobrytarsystem vil også vera meir plasskrevande, og spesielt ved ombygging til 132 kV kan det bli for trangt i ein del transformatorstasjonar.
- Kapittel 5.1.5 har vesentleg strengare og dyrare krav (dobbel så dyre) som krava i kapittel 5.1.6. Kriteriet for om ein skal oppfylle krava i kapittel 5.1.5 eller 5.1.6 er om spenninga er høgare eller lågare enn 110 kV. Slik Fagne ser det, bør funksjonaliteten i koplingsanlegget vera den same uansett om regionalnettspenninga er høgare eller lågare enn 110 kV. Dersom det blir dobbelt så dyrt å bygga 132 kV anlegg som å bygga 66 kV anlegg, vil det føra til at mange nettselskap vil la vera å bygga om frå 66 kV til 132 kV. Derfor bør ein bruka andre kriterier enn spenninga for å avgjera kva minstekravet til funksjonalitet skal vera.
- Krava i kapittel 5.1.7 er også strengare enn krava i kapittel 5.1.8, også i dette tilfellet på grunnlag av skilnaden i spenning. Vi meiner at minimumskrava i kapittel 5.1.7 i stor grad bør reduserast til krava i kapittel 5.1.8, men det bør kanskje vera rom for å vurdere alternativa ut frå kor viktige anlegga er systemmessig og behov for fleksibilitet. Ulike transformatorstasjonar i regionalnettet kan ha svært ulik funksjon, så vi innser at det bør vera dobbel samleskinne i ein del av dei, men det er kanskje ikkje det som skal vera minimumskravet.
- Dersom det er vesentleg strengare og dyrare krav for koplingsanlegg med spenning over 110 kV enn for koplingsanlegg med spenning under 132 kV, ser vi ikkje bort frå at nokre nettselskap vil tilpassa seg ved å bygga om til 109 kV i staden for 132 kV. Ein kan då oppnå fordelar ved å heva spenninga utan ekstrakostnadene med dyrare systemløyningar. Dermed oppnår ein ikkje standardisering på 132 kV på lengre sikt, men kan koma i ein situasjon med både 132 kV, 109 kV og 66 kV i regionalnettet på lang sikt. Dette er ei utvikling vi ikkje trur Statnett ønskjer.

Med venleg helsing
Fagne AS

Odd Håland Øksnevad
sivilingeniør

Vegard Holmefjord
seksjonsleiar Nettutvikling

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen handskriven signatur